

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 16/7528-2

## **Høyring: Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev fylgjande fråsegn til «Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen tar initiativ til å utarbeide ein strategi for kjøp av ferjetenester på riks- og fylkesveg.
2. Det er ein føresetnad at fylkeskommunane, som står for innkjøp av mesteparten av ferjetenestene i Noreg, deltek i arbeidet med utarbeiding av strategi på lik linje med Statens Vegvesen.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vere eit samarbeid mellom fleire fagmiljø på innkjøp av ferjetenester for å auke kvaliteten på gjennomføring og oppfylgning av ferjekontraktar.
4. I det vidare arbeidet med tiltak for utvikling av ferjemarknaden må det takast omsyn til inntektssystemet slik at det er samsvar mellom løyvingar og ansvar.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen får ansvar for å utarbeide IKT-løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av både riks- og fylkesvegferjekontraktane.

### Vedlegg:

1. Høyringsbrev datert 16.09.2016 frå Statens vegvesen: Høyring: Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt.
2. Brev datert 01.09.2016 frå Statens vegvesen til Samferdsledepartementet: Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt
3. Oslo Economics: Premissanalyser – tiltaksanalyse for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt.
4. Oslo Economics: Tiltaksanalyse for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Samferdsledepartementet (SD) ønskjer å redusere kostnadane innan ferjedrifta. På grunn av sterk auke i kostnadane, vil SD sjå på tiltak for meir effektiv drift og bruk av offentlege midlar. Statens Vegvesen (SVV) har føreslege ein sentral modell for kjøp av ferjetenester.

SVV har hatt fleire utredningar for å sikre konkurranse på lang sikt. Ein tilrår følgjande tiltak med utgangspunkt i desse utgreiingane:

- SVV tar initiativ til å utarbeide ein forpliktande strategi for kjøp av ferjetenester på riks- og fylkesveg.
- SVV skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar
- SVV får ansvar for å utarbeide IKT-løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av ferjekontraktane.

SD har bedt SVV gjennomføre ei høyring der fylkeskommunar og andre får uttale seg om SVV sine tilrådingar til tiltak for utvikling av ferjemarknaden på lang sikt.

### Sentrale problemstillingar

Statens vegvesen har definert følgjande samfunns- og effektmål både for riks- og fylkesvegferjer:

*«Etablere et langsiktig og bærekraftig grunnlag for samfunnsøkonomisk lønnsom drift av alle ferjesamband, som sikrer et helhetlig transportsystem som kan ivareta nasjonale mål for transportpolitikken.»*

I tillegg har SVV nedfelt ein del effektmål for dei som skal forvalte ferjesambanda på vegne av samfunnet:

- *Legge til rette for velfungerende marked som sikrer at ytelser knyttet til drift av ferjesamband kan anskaffes og leveres i henhold til krav til kostnader, fremkommelighet, sikkerhet, miljø og universell utforming i samsvar med samfunnets behov.*
- *Legge til rette for miljøvennlig og pålitelig drift av ferjesamband, som gir grunnlag for god avkastning på investert kapital, attraktive arbeidsplasser og gode relasjoner til både ferjetrafikantene og oppdragsgiver.*
- *Legge til rette for sikker og pålitelig drift av ferjesamband, som sikrer et helhetlig transportsystem uten skader og uakseptable kostnader, heft og ulemper.*

Statens vegvesen skisserer følgjande tre hovudutfordringar:

- Færre tilbydarar pr. konkurranse.
- Stor kostnadsvekst i samband med nye anbod.
- Behov for fornying av ferjeflåten m.a. på grunn av nye krav til lav- og nullutslepp.

Vidare listar SVV opp nokre av årsakene til at vi har desse utfordringane:

- For kort tid mellom utlysing av konkurranse og oppstart av kontrakt.
- Samtidige utlysingar.
- Mange innkjøparar.
- Auka krav til leveransen.
- Spesielle krav i anboda – skreddarsaum.
- Organisering av reserveferje.

SVV ønskjer ei meir sentralisert organisering av ferjeinnkjøp. I utredningane som Oslo Economics (OE) har gjort kjem det fram at det er liten forskjell i dei ulike organiseringsmodellane som er foreslått. Tal stillingar til å gjennomføre innkjøp av dei samla ferjetenestene i landet varierer mellom 27,3 – 28,8 årsvek avhengig av korleis det blir organisert.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

På grunn av arbeidet med regionreforma avgrensar SVV seg i denne omgang til å foreslå ei standardisering og betre koordinering av kjøp av ferjetenester og oppfølging av kontraktar på riks- og fylkesferjesamband. Rapporten frå OE er tydeleg på at dagens organisering av ferje-innkjøp er meir kostnadseffektiv enn om det blir meir sentraliserte innkjøp. Etter fylkesrådmannen si vurdering er det nyttig at det er fleire aktørar på innkjøpssida for å utvikle kvalitet og oppfølging av innkjøp.

SVV vil ta initiativ til å utarbeide ein heilskapleg og forpliktande strategi – *i samråd med aktuelle fylkeskommunar*. Fylkeskommunane har i dag ansvar for 113 samband, medan staten ved SVV har ansvar for 17 samband. Med bakgrunn i dette meiner fylkesrådmannen at det er avgjerande at fylkeskommunane deltek på lik linje med SVV i eit ev. arbeid med felles strategi for innkjøp av ferjetenester. Mange av fylkeskommunane har svært god kunnskap om innkjøp og drift av slike tenester og vil difor vere viktige bidragsytarar dersom det skal lagast ein felles strategi.

I dag får fylkeskommunane overført pengar til ferjedrifta som frie midlar gjennom innbyggjar-tilskotet og utgiftsutjamninga ut frå tal ferjesamband. Kor stor grad av sentral styring det skal vere på kjøp av ferjetenester må sjåast i samheng med korleis og om fylkeskommunane får pengar til å drifte ferjene. Fylkesrådmannen ser det ikkje som naturleg med sentrale innkjøp i regi av SVV dersom fylkeskommunane får overført pengar frå staten til desse tenestene. Dette er og eit spørsmål om kor stor grad av sjølvrådetrett fylkeskommunane skal ha på frie midlar.

Fylkesrådmannen viser her til samarbeidet mellom Kollektivtrafikkforeningen og Vegdirektoratet om vidareutvikling av konkurransegrunnlagsmal for ferje i 2013 som eit svært godt eksempel på kor viktig det er med fagmiljø som kan utfordre kvarandre.

SVV vil utarbeide ein forpliktande strategi som fylkeskommunane må legge til grunn ved sine kjøp av ferjetenester for å lage eit føreseieleg rammeverk og handlingsrom i samband med kjøp av ferjetenester.

Truleg er alle fylkeskommunar einig i at det bør gjerast tiltak for å:

- Få betre og meir koordinerte innkjøpsprosessar.
- Auka standardisering på ferjemateriell og infrastruktur.
- Lage ferjedriftsstandard for riks- og fylkesvegsamband.
- Gode reserveferjeløysingar.
- Få tettare dialog med leverandørmarknaden.

Punkta ovanfor er forbetringar SVV meiner dei kan innarbeide i ein nasjonal ferjeplan. Utfordringa med det som er skissert er korleis fylkeskommunane skal vere involvert i dette arbeidet for å gjere det til ein best mulig plan og samtidig ivareta lokalpolitiske interesser.

I fleire samanhengar har det komme fram at SVV ønskjer å få tilbakeført fleire av sambanda dei mista i samband med forvaltningsreforma i 2010. Vegdirektoratet meiner det bør opprettast ein felles innkjøpar av ferjetenester og at SVV er rette instans til å ha denne rolla. Fleire fylkeskommunar meiner at dei er best skikka til å ha den rolla på grunn av samordning med kjøp av andre kollektivtrafikktenester som fylkeskommunane har ansvar for.

Fylkesrådmannen registrerer at SVV sjølv meiner å ha eit stort potensiale for forbetring i organiseringa av innkjøp av ferjetenester og oppfølging av kontraktar. Med bakgrunn i det er det naturleg at forslag om interne tiltak i SVV for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar vert gjennomførte. SVV meiner at det ikkje er unaturleg at fylkeskommunane i større grad ønskjer å bruke SVV til kjøp av ferjetenester gjennom sams vegadministrasjon dersom kvaliteten på tenestene vert betre. Dette er fylkesrådmannen samd i.

### **3. Konklusjon**

Ut frå funna i utgreiingane har SVV tona ned ønsket om etablering av ein felles innkjøps-funksjon. Det er likevel slik at forslaget om at SVV skal utarbeide ein forpliktande strategi for kjøp av ferjetenester på riks- og fylkesveg kan vere krevjande dersom fylkeskommunane ikkje får delta på lik linje med SVV. SVV skriv at det skal vere i samråd med fylkeskommunane, men fylkesrådmannen meiner det må presiserast at det skal vere likeverdige partar.

Fylkesrådmannen meiner det er nødvendig med fleire parallelle fagmiljø som kan hjelpe kvarandre til å få best mogeleg kvalitet på gjennomføring av konkurransar med påfølgjande oppfølging av kontraktar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar SVV til drift av fylkesvegferjene våre gjennom sams vegadministrasjon. Det er difor bra for Sogn og Fjordane fylkeskommune at dei ønskjer å bli ein meir profesjonell og effektiv innkjøpar.

Det er viktig for fylkeskommunen og SVV å ha best mulig data på ferjedrifta tilgjengelig til ei kvar tid. SVV sitt initiativ til å utarbeide betre IKT-løysingar er difor eit viktig steg i rett retning for å betre kvaliteten på kontraktsoppfølginga frå planlegging til gjennomføring av kontrakt.